

## SKULEBRUKSPLANEN



**STÅR SAMAN:** – Eit historisk vedtak. Regionrådet står samla i arbeidet med å sikra dei vidaregåande elevane i Sogn eit godt skuletilbod framover. No er Modell Sogn spelt inn til fylkeskommunen. Fv: Harald N. Offerdal, Jan Geir Solheim, Marta Halset, Noralv Distad, Arild Ingar Lægreid, Jarle Aarvoll, Ivar Kvalen og Olav Lundén.

# Regionen står samla om skuletilbodet

■ ■ ■ Tok raskt grep

**LEIKANGER:** – Eit godt stykke arbeid.

Slik karakteriserte fleire av ordførarane i Sogn regionråd prosessen mot den felles uttalen til skulebruksplanen som vart samrøystes vedteken i regionrådet i går.

### Raskt grep

Etter at Norconsult-rapporten skisserte mørke skyer over dagens opplæringstilbod i den vidaregående skulen i Sogn og Fjordane, vart det raskt teke lokale grep for å møta dei skisserte utfordringane som følgje av redusert elevtal. I modell Sogn, som regionrådet samrøystes sluttat seg til i går, ligg det innsparingar på kring 20 millionar kroner på dei tre vidaregåande skulane i Luster, Sogndal og Årdal.

Største bidraget kjem frå Luster, men også dei to andre

skulane er tekne kraftig ned. Dei tre skulane i Sogn har 25 prosent av elevane i fylket, og har med framlegget bidrege med rundt 25 prosent av den skisserte økonomisk utfordringa. Samla er det snakk om ein reduksjon på rundt 12 klassar. Modellen har tilslutnadi i alle kommunane, i skuleleiingane, hjå dei tillitsvalde og i elevråda.

### Endring

Regionrådet gjekk samla inn for framlegget som låg føre, med ei endring. Luster-ordførar Ivar Kvalen meinte ordlyden rundt Luster vidaregåande burde vore spissa, og kom med endringsframlegg som spesifiserte at det også i framtida skal vera aktivitet i lokala til Luster v.g.s. på Hafslø.

– Noko anna har eg ikkje ryggedekking i kommunestyret for. So tøff må eg vera, sa Kvalen. Og fekk rådet

■ ■ ■ Millioninnsparingar

med seg på framlegget.

### Strategi

Regionrådsleiar Noralv Distad oppsummerte sakana på denne måten:

– I dag har me gjort eit historisk vedtak som set elevane sitt tilbod i sentrum, men der me også hatt fokus på næringssida. Dei grepene som er gjort lokalt i Sogn, skulle stå seg i den vidare prosessen, sa Distad.

Første jobben er gjort, og regionrådet har alt strategien klar fram mot endeleg avgjerd i fylkestinget i juni. No skal det jobbast mot dei ulike partia, rådet har bedd om å få presentera uttalen på politikardagen i slutten av mai, og kommunane i regionen skal visa ansikt i alle fôra der skuleframtida skal drøftast og avgjerast.

Kai Martin Brekke  
kai.martin.brekke@sognavis.no

■ ■ ■ Vidare strategi

## LEDIG OVERNATTING?



Me treng overnatting til våre gjester under Lerum Cup 27.30. juni 2013.

Hytter, hybler, leilegheiter og hus. Alt kan vera av interesse då me har alt frå einslege til heile lag som treng ein plass å sova.

Ta kontakt med Svein Olav Haugen på:  
91 10 90 90,  
eller soh@sogndalfotball.no

Sparebanken Vest

Sognekraft

Lerum

UMBRO